



Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen AS
Hagellia 6
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/1318 - 19/22268

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
11.07.2019

Førebels svar med trong for tilleggskontroll - gbnr 202/157 Hjelmås

Tiltak: bustad
Byggjestad: Gbnr: 202/157
Tiltakshavar: Geir Styve
Ansvarleg søkjar: Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 02.05.2019. Vi viser til vårt svarbrev datert 03.06.19 der det vart orientert om at tiltaket krev dispensasjon og at administrasjonen vil avvente handsaming til søknad om dispensasjon i vår sak 19/409 var handsama.

Vi viser vidare til protest frå tiltakshavar datert 03.06.19, kommunen tilstreber å handsame søknadar innanfor lovbestemte sakshandsamingsfrister.

Vi har no gått gjennom søknaden. I tillegg til at tiltaket krev dispensasjon frå rekkefølgekravet gjeve i føresegna § 2.1.1.1 krev også tiltaket dispensasjon frå maks. mønehøgde gjeve i tabell under § 1.2 i føresegna som fastsett at maks. mønehøgde skal målast frå eksisterande terreng, denne er opplyst til maks 7,5 meter. På innsendt teikningsmateriell, teikningsnr.: A1-401 er mønehøgde opplyst til 7,4 meter målt frå planert terreng, medan terrenget er fylt opp 1,2 meter.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Dispensasjon frå maks mønehøgde målt frå eksisterande terreng jf. tabell i føresegna § 1.2.
2. Søknad om dispensasjon skal nabovarslast, vi ber om dykkar vurdering i høve behov for nabovarsling jf. pbl § 21-3.

Kommunen ber om at tilleggskontroll informasjon vert sendt inn samla innan 22.08.19. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.



Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen AS	Hagellia 6	5914	ISDALSTØ
Geir Styve	Hjelmåsen 37	5915	HJELMÅS
Geir Styve	Hjelmåsen 37	5915	HJELMÅS

Mottakarar:

Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen AS	Hagellia 6	5914	ISDALSTØ
--	------------	------	----------